

# Referat møte m/AU 25. april 2017

Til stades: Alf Strand, Jan Eide, Hilde Aartun, Jon Erik Egeland, Ann Kristin Bolstad, Linda Farestveit,  
Anne Hjermann, Marianne Svege, Eva Bendiksen, Jon Fjeldstad  
Meldt forfall Inger Sekse, Hardanger/Voss

## 1.

### **Desentralisert strategi for kompetanseutvikling i skulen**

Hordaland er tildelt i overkant 9. mill. kroner til etterutdanning i 2017. Ordninga er meint å vare i åra som kjem, og planlegginga av korleis midlane skal brukast skal difor ha eit langsiktig perspektiv.

### **Formålet med ordninga**

I tillegg til å styrke sektoren sin kompetanse på prioriterte område (sjå avsnittet under) er styrking av samarbeidet mellom lærarutdanningane (UH) og praksisfeltet viktig. Midlane skal difor nyttast til å utvikle tilbod som legg vekt på å fremme kollektive prosessar for profesjonsutvikling.

### **Prioriterte område**

Etterutdanningsmidlane skal nyttast innanfor følgjande prioriterte område:

1. eleven skal ha eit godt og inkluderande skulemiljø
2. eleven skal meistre grunnleggjande ferdigheiter
3. fleire elevar og lærlingar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

### **Kven er partar i utforminga av etterutdanningstilbod?**

Kommunane skal definere og prioritere kva tiltak dei har behov for å gjennomføre, i samarbeid med universitet og høgskolar. Fylkesmannen skal leggje til rette for samarbeidsforum/kompetansenettverk, der kommunane i fellesskap og i samarbeid med UH skal bli einige om korleis dei statlege midlane skal fordelast og brukast. Dersom kommunane ikkje blir einige om prioriteringar og fordeling av midlar, kan Fylkesmannen ta endeleg avgjerd. Eit viktig spørsmål blir difor korleis vi best kan organisere oss i fylket slik at kommunane sine vurderingar og synspunkt blir tatt med i vurderingane av tilbodet.

### **Organisering i Hordaland**

I drøftinga med AU kom vi fram til at det er naturleg å ha dei eksisterande kompetanseregionene som utgangspunkt, og at det blir peikt på ein skoleeigar frå kvar av regionane som kan målbera kommunane i regionen sine synspunkt i drøftingane med UH-sektoren. Fylkesmannen vil ta initiativ til å opprette eit sentralt samarbeidsforum på fylkesnivå.

Sjølve ordninga er omtalt og presentert i skriv frå Udir (vedlegg) så er det framleis mange spørsmål som reiser seg. I samråd med AU har vi difor lagt opp til følgjande:

31. mai           Alle skuleeigarane blir invitert til eit felles møte med UH og Fylkesmannen der vi presenterer ordninga og legg fram eit forslag til korleis vi kan organisere arbeidet her i fylket. UH-sektoren er med i same møte.
20. juni           1. Nettverksmøte  
Konkret dialog mellom kommunane sine representantar og UH om tilbod og fordeling av midlar
24. august       2. nettverksmøte  
Konkret dialog mellom kommunane sine representantar og UH om tilbod og fordeling av midlar.

## 2.

### **Barnehage og skulemiljø. Nytt kapittel 9a**

Innstillinga frå komiteen til eit nytt kap. 9a blir lagt fram (etter planen) 16. mai.

Fylkesmannen har gjort avtale med fleire kommunar/regionar om å presentere lovendringa etter sommarferien.

Fylkesmannen ser på korleis vi kan sikre at skuleeigar blir orientert om klagesaker når /om Fylkesmannen blir 1. instans. Kommunane bør også sjå på kva system dei ønskjer for å ha oversikt over pågåande saker på eigne skular.

Vi drøfta og at barnehagemiljø er løfta fram i ny rammeplan for barnehagen som blei lagt fram i går (24. april). Retten til eit godt og trygt barnehagemiljø blir eit av tema vi tar opp på samlinga for barnehagemynda i juni (jf. pkt. 4 sakslista).

## 3.

### **Nettbaserte hjelpemiddel til eksamen**

Nettbaserte hjelpemiddel er obligatorisk for alle kommunar frå og med våren 2018 (sentralt gitt eksamen).

Bergen kommune stiller seg til disposisjon for dei kommunane som ønskjer å få del i korleis Bergen har arbeidd for å sikre dette, og for å få del i dei erfaringane dei har gjort seg. Kommunar som ønskjer at det skal arrangerast ei erfaringsamling kan melde det til neste AU-møte ved sin AU-representant.

#### **4.**

##### **SEVU-PPT. Bruk av etterutdanningsmidlar for 2017**

AU meiner det er mest ønskeleg at dei midlane som er stilt til rådvelde for etterutdanning i PPT, om lag 700 000 kroner for 2016 og 2017, bør fordelast mellom regionane, og at regionane sjølv lagar eit opplegg for å nytte midlane.

Frå Fylkesmannen si side understrekar vi at det må rapporterast på tildelte midlar, og at manglande rapportering fører til at vi må krevje midlane tilbake.

#### **5.**

##### **Høyringar**

På barnehageområdet er det fleire høyringa som er interessante. Dette gjeld rett til barnehageplass for 1-åringar frå november, det gjeld høve til å samle reglar for bemanning i ein forskrift, statleg tilsyn og forslag om å innføre krav til språkkompetanse for assistentar. Høyringane finn de på [regjeringa.no](http://regjeringa.no).

#### **6.**

##### **Eventuelt**

- alle kommunane er oppmoda til å nominere skular til Dronning Sonja sin skulepris. Fleire skular jobbar systematisk og godt med elevane sitt læringsmiljø og det er flott om skuleeigarane løftar fram eigne skular som gode representantar for dette viktige området. All informasjon om prisen og nominasjonsprosessen ligg på [udir.no](http://udir.no)
- Samling for skuleeigar/etatsjefsamling: Samlinga som vanleg på Solstrand, datoane er 25. og 26. januar 2018
- Samling for kommunane som barnehagemynde blir no den 6. og 7. juni, Solstrand. Vi oppfordrar dei som ikkje har gjort det om å melde seg på.  
I 2018 satsar vi på å gjennomføre samlinga i mai. Vi kjem tilbake med konkret dato.